



FYLKESMANNEN I HORDALAND  
LANDBRUKSAVDELINGA

# Beitebruk

– samarbeid og skjøtsel

HANDBOKSERIE UTGITT AV FYLKESMANNEN I HORDALAND  
I SAMARBEID MED FORSØKSRINGEN HORDALAND



## INNHALD

Bakgrunn: Mål for handboka .....	2
Prosjekt beitelandskap .....	3
Tilskotsordning .....	3
Beite- og gjerdelova .....	5
Attgroing av kulturlandskapet krev nye driftsmessige løysingar .	6

### DEL I : SAMARBEIDSLØYSINGAR .....

<b>Døme på beitebruksplanar frå ulike kulturmarkstypar i Hordaland .....</b>	<b>10</b>
Hjelmeland/Iveito i Omvikdalen, Kvinnherad .....	10
Skjellanger, Meland .....	12
Gullfjordungen, Voss .....	14
Solheim, Radøy .....	16
<b>Rettleiing til arbeidet med beitebruksplan .....</b>	<b>18</b>
Kvifor treng vi å lage plan? .....	18
Korleis kjem du i gang? .....	18
<b>Forslag til disposisjon .....</b>	<b>19</b>
<b>Stifting og registrering av beitelag .....</b>	<b>20</b>

### DEL II: GJERDEHALD OG SKJØTSEL .....

<b>Gjerdehald .....</b>	<b>24</b>
Nettinggjerde eller elektrisk gjerde? .....	24
Kvar skal gjerdet stå? .....	25

<b>Bruk og stell av beite .....</b>	<b>26</b>
Sambeiting aukar produksjonen .....	26
Rett beitetrykk gir dei beste beita .....	26
Skjøtsel og stell .....	27
Problematiske ugrasartar .....	27
Driftsformer med mykje beiting .....	29

<b>Restaurering og skjøtsel av attgrodd beitemark .....</b>	<b>30</b>
Rydd litt etter litt .....	30
Smørjning på stubben .....	30
La ulike tre stå att .....	30
Beiting raskt etter hogst .....	30
Unngå gjødsling .....	31
<b>Geit i beiteryddinga .....</b>	<b>32</b>
Manuell rydding tek tid .....	32
Gjerde .....	32
Oppal eller ammegeit .....	32
Kasjmirgeit .....	33
Fjellsprett og Alfathi .....	33
Utleige av geiter .....	33

<b>Skjøtsel av lynghei .....</b>	<b>34</b>
Förverdi .....	34
Brenning .....	34
Beitepress .....	35
Ugras etter brenning .....	35

# Bakgrunn

## Mål for handboka

*Prosjekt beitelandskap* har gitt gode erfaringar om korleis ein kan avgrense attgroinga av kulturlandskapet. Vi har samanfatta desse erfaringane i ei handbok i samarbeid om skjøtsel av beite.

Målsettinga med handboka er å motivere til ein betre beitebruk, for å halde kulturlandskapet ope og for å betre økonomien på gardsbruket. Vidare skal boka syne døme på driftsmessige løysingar for å skjøtte landskapet.

*Handboka er delt i to: **Første del** tek føre seg gode døme på korleis gardbrukarar har samarbeidd om restaurering og skjøtsel, og korleis dei har organisert det formelt. Økonomiske verkemiddel som støttar opp om samarbeidstiltak om beitebruk, blir også presentert.*

***I andre del** kjem vi med tips om gjerdehald og gir konkrete restaurerings- og skjøtelsråd knytt til ulike kulturmarkstypar.*

**Prosjekt beitelandskap (2002 – 2006)** er leia av Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Hordaland Sau- og Geitalslag og Vestskog BA. Hovudmålet for prosjektet er betre utnytting av lokale beiteressurser, og å halde eit ope og variert kulturlandskap.

# Prosjekt beitelandskap

## Prioritering av innsatsen

Eit ope og variert landskap er høgt verdsett av dei som har vakse opp i det (folk flest), og av reiselivsnæringa som lever av landskapsopplevinga. I tida framover blir det viktigare å prioritere:

- *Kva landskap vil vi halde opne?*
- *Kvar skal skogen skjøttast?*
- *Kvar er det viktigast at dyra beitar for å halde kulturlandskapet ope?*

I dag er det mange hindringar for effektiv beiting. Mange gjerde er i dårleg stand, og plantefelt og gardsbruk som ikkje er i drift, skaper barrierar. Resultatet blir eit oppstykk og tungdrive beitelandskap.

Løysinga er å løfte blikket! Dersom større område blir heilskapleg vurderte som beiteareal, kan unytta område kome i bruk, og enkelte plantefelt fjernast. Dette lettar gjerdehaldet, og effekten av beitedyra blir større. Resultatet blir eit ope og variert landskap som har stor opplevingsverdi.

Gjennom *Prosjekt beitelandskap* vil vi medverke til produksjonsformer som held større areal i drift, samstundes som produksjonskostnadene blir haldne nede. Slik kan gardbrukarane få betra økonomien. Det er difor også utvikla tilskotsordningar som stimulerer til bruk av ulike kulturmarkstypar.

## Tilskotsordningar SMIL

Tilskotsordninga SMIL – *Spesielle miljøtiltak i jordbruket* – er lagt til kommunalt nivå når det gjeld prioritering og fordeling av midlane. Den einskilde kommune har utarbeidd strategi og retningslinjer for bruken av ordninga. Svært mange kommunar i fylket har fokus på tiltak mot atgroing, og mykje av midlane går til beite rydding, skjøtsels- og gjerdetiltak.

Nokre kommunar prioriterer fellesøknader når det gjeld beitetiltak. Som for andre fellestiltak, er det lurt å starte større beiteprosjekt med ein planleggingsfase.



FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA

Ein gjennomarbeidd plan for tiltak og kostnader er eit viktig grunnlag for betre samarbeid, god ressursbruk og kostnads effektivitet. Beitebruksplanen er eit godt utgangspunkt for eit vellukka prosjekt.

§4 i forskrifta omhandlar tilskot til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt. Organiserte Beitelag kan søkje om tilskot til investeringar som til dømes sankegjerde, kve med meir, jamfør § 5. Ta kontakt



med kommunen din for å få informasjon om korleis ein best kan nå fram med ein søknad om tilskot til t.d. utarbeiding av beitebruksplan. Kommunane kan ha ulike søknadsfristar.

### **RMP**

Gjennom etablering av *Regionalt miljøprogram for Hordaland (RMP)* blei det utvikla økonomiske verkemiddel som har til mål å produsere landskapskvalitetar (t.d. eit ope landskap) og forvalte natur- og kulturhistoriske verdiar. Målet kan vere å oppretthalde eit ope og tilgjengeleg landskap for ålmenta, eller å forvalte spesielle kulturminne, kulturmiljø eller biologiske verdiar, t.d. kystlynghei, stølslandskap og innmarksbeite.

For å auke samarbeidet mellom gardbrukarane, er ordninga *Tilskot til organisert beitebruk* utvida til også å gjelde innmarksareal eller areal i låglandet.

### **Tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram (RMP)**

- *Organisert beitebruk – fellesbeiting gjennom beitelag*
- *Landskapskjøtsel med ammegeit – beiting på inngjerda areal*
- *Verdifullt innmarksbeite – aktiv kjøtsel av beite som framstår heilskapleg*
- *Tradisjonell kjøtsel av kystlynghei – vinterbeiting og lyngsviing*
- *Skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø – mjølkeproduksjon på stølen om sommaren*
- *Skjøtsel og forvaltning av brattlendte bruk – fulldyrka og overflatedyrka bratte areal.*

### **Radøy**

#### **– eit førebilete for heilskapleg beiteplanlegging i kommune**

I 2000 tok Radøy kommune initiativ til å utarbeide beitebruksplanar for dei 10 mest verdifulle beite- og kulturlandskapsområda i kommunen. Desse områda er peika ut i ein felles beitebruksplan for kommunen. Det er også blitt etablert fleire beitelag som i dag koordinerer bruken av områda.

Kommunen ønskjer å medverke til eit betre driftssystem for ein kostnadseffektiv kjøtsel av beiteareala på øya. Desse områda har stor verdi for landskapsopplevinga og identiteten til dei som bur på Radøy. Resultatet frå arbeidet generelt har vore at statusen til kulturlandskapet er styrka hjå politikarar og ålmenta.

# BEITE- OG GJERDELOVA

- Utfordringar ved tiltak etter desse lovene
- Tilrådingar om samarbeid, nye driftsmessige løysingar og kommunen si rolle

Lov om grannegjerde (*gjerdelova*) og lov om ymse beitespørsmål (*beitelova*) har reglar om gjerdehald, ansvar for husdyr og regulering av beite. Begge lovene er frå 1961 og er tilpassa driftstilhøva som var på den tida.

Gjerdelova gjeld i utgangspunktet gjerde i grensa mellom eigedomar. Der det er sameige mellom fleire eigedomar i utmarka, blir sameige rekna som ein eigedom. Gjerdelova løyser ikkje vanskane med manglande gjerdehald når eigedomane ikkje er grannar. Dette gjeld t.d. mange utmarkseigedomar på Vestlandet der drifta er lagt ned og bruka fråflytta. Dersom gjerdet ikkje blir halde ved like, vil beitedyr kunne vandre over fleire eigedomar, utan at gjerdelova har verkemiddel som løyser vanskane med manglande gjerdehald.

Beitelova § 6 har reglar om at eigar av husdyr skal syte for at dyra ikkje kjem inn på område der dyra ikkje har rett til å vere. I same lova § 7 er det fastsett reglar om erstatningsansvar dersom husdyra valdar skade på avling og annan eigedom.

Å sette opp gjerde for eigen (utmarks-) teig slik gjerdelova legg opp til, fører med seg store kostnader i forhold til nytten av beitet. Slik økonomien i landbruket er i dag, vil det vanlegvis vere meir rasjonelt å få til samarbeid om større beitestrekningar og felles gjerdehald for fleire eigedomar. Då vil ein også kunne få til utnytting av utmarksbeite knytt til eigedomar der drifta er nedlagd.

For å få til felles beite og gjerdehald, må eigarane anten avtale ei minneleg ordning (beitebruksplan/organisert beitebruk), eller krevje jordskiftesak med ordning av beitebruk. Då vil ein kunne sjå større område under eitt og sette opp gjerde på ein høveleg stad. Eit skjønnet etter gjerdelova eller beitelova løyser ikkje utfordringane med å få til fellesbeite og eit rasjonelt gjerdehald. Og ein kan setje opp mange meter gjerde for dei pengane det kostar å halde skjønnet.


Offentleg forvaltning som kommune og fylkesmann, forsøksringar og andre rådgjevingsorgan er viktige pådrivarar for å få til samarbeid om beite og gjerdehald.

# Attgroing av kulturlandskapet krev nye driftsmessige løysingar



Landskapet set grenser for kor store samanhengande jordbruksareal som finst her i fylket. Samtidig skapar dette naturgrunnlaget eit heilt spesielt og variert kulturlandskap. Landbruket har små brukseiningar, og landskapet er framleis i bruk frå kyst til fjell. Politiske mål om store driftseiningar blir vanskelege å gjennomføre her.

Når færre bønder driv med beitedyr og slått, set det fart i attgroinga. I Hordaland er denne prosessen kome spesielt langt, særleg i bygder der det har blitt mindre grovfôrbasert husdyrhald. Klimaet gir gode veksttilhøve, og dermed er kratt og skog i rask vekst så snart beitedyr og skjøtsel er borte. Dette får konsekvensar for dei natur- og kulturhistoriske verdiane i landskapet, og vår kulturarv og identitet.



Typisk landskap i ei bygd i Hordaland. Nokre bruk er nedlagde og fungerer som barrierar i landskapet (C). Dette går ut over dei gardsbruka som framleis har husdyr, og vi får eit oppdelt landskapsbilete. Den dårlege økonomien i husdyrhaldet og vanskelege driftstilhøve gjer at dei attverande bondene vurderer å leggje ned.



Tenkt situasjon der bøndene A og D har fått langsiktige avtalar om drift med B og C. Dei to aktive gardsbruka (A og D) har gått saman om nye gjerde og rydding av skog på innmarksbeite. Dei får og nytta skogen som ligg høgare oppe i lia. Gjennom forenkla drift og god utnytting av beiteressursane er driftsresultatet betra, og vi får eit ope og variert landskapsbilete.



Tenkt situasjon der dei attverande bøndene har slutta med husdyr. Skogen veks til og dominerer i aukande grad. Vi får eit lukka landskapsbilete.

### Landskap er eit miljøgode

### Kulturlandskapet er ein kvalitet som samfunnet set pris på

Vi meiner at landskap, miljøvenlege driftsformer og regionale produkt vil marknadsføre kvarandre, og styrke næringa si inntening. Landskap kan difor reknast som eit produkt innan landbruks- og miljøvernpolitikk.





FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA



# DØME PÅ BEITE- BRUKSPANAR FRÅ ULIKE KULTUR- MARKSTYPAR I HORDALAND



Synfaring i beiteområde er viktig for å kome fram til gode løysingar.

FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA

## Hjelmeland/Tveito i Omvikdalen, Kvinnherad


### Skjøtsel av beite i sona mellom innmark/utmark

Beiteområde til gardane Hjelmeland og Tveito i Omvikdalen ligg i Kvinnherad, med innmark i botnen langs elva og beite oppover i lia. Beiteområda blir avløyst av plantefelt med gran som strekkjer seg opp mot fjellet. Dei fire bøndene har gått saman om skjøtsel av beitet og laga beitebruksplan for området. Beitet blir nytta til storfe om sommaren, og vår- og haustbeite for sau. Omvikdalen har mange aktive bønder og relativt stort dyretal, likevel ser vi attgroinga tydeleg på fleire bruk.

TAL BRUK	5
TAL BØNDER	4
DYRESLAG (TAL)	Storfe (143), sau (142)
AREAL	400 DA
SPESIELLE VERDIAR	Beite med stor variasjon, typisk for området
TILSKOT	SMIL (2004): 100 000 KR

Tiltak som er gjennomført i beitebruksplanen:

- *Oppsetjing av nytt tverrgjerde for å avgrense beitet mot fjellet*
- *Istandsetjing av gjerdet i yttergrensene av fellesbeitet*
- *Rydding av einer og or på dei teigane som har best beitepotensiale*



- Grensegerde
  - Nytt grensegerde
  - Steingjerde
  - Eigedomsgrense
  - Beite
  - Beite i attgroing
  - Blanda skog
  - Plantefelt gran
  - Plantefelt lerk
- M. 1:6 000

2004: Nytt grensegerde

2005: Rydde or og brakje

2005: Rydde brakje





Lyngsviing er lettast å få gjennomført i samarbeid med andre.

FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA

## Skjellanger, Meland

### Skjøtsel av kystlynghei


Beiteområdet til Skjellanger beitelag ligg nord i Meland kommune, mellom utmarksgrensa til Husebø i søraust og Skjellanger fort i nordvest. Arealet er kystlynghei med innslag av myr, furuskog, einer og plantefelt med gran. Folk som bur her, nyttar området til å gå turar.

To av bøndene har gått saman om skjøtsel og beiting av arealet, dei har stifta beitelag og utarbeidd beitebruksplan.

TAL BRUK	7
TAL BØNDER	2
DYRESLAG (TAL)	Storfe (7), sau (20), nokon geit
AREAL	900 DA
SPESIELLE VERDIAR	Kystlynghei, friluftsområde
TILSKOT	SMIL (2005): 90 000 KR RMP (2005): 10 000 KR

Tiltak i beitebruksplanen:

- *Sviing av gamal lynghei*
- *Istandsetjing av gjerde*
- *Innkjøp av elektrisk flyttbart gjerde for styrt beiting av Angus*
- *Innkjøp av geiter som beitedyr*





Nytt sperregjerde er sett opp med SMIL-tilskot.

FOTO: FMLA

## Gullfjordungen, Voss

### Skjøtsel av beite- og hagemark

Grenda Gullfjordungen er godt synleg frå Voss sentrum. Det er eit solrikt og frodig område, men gardane ligg i ei bratt li. Dei aktive bøndene i grenda har gått saman i eit beitelag for å utarbeide ein felles beitebruksplan. På grunn av terrenget ligg det ikkje godt til rette for fellesbeiting, men gjennom at alle medlemmane i beitelaget gjer tiltak på sine bruk, vil dei få eit betre beite og eit opnare landskap.


TAL BRUK	9
TAL BØNDER	5
DYRESLAG (TAL)	Storfe (14), sau (800)
AREAL	250 DA
SPESIELLE VERDIAR	Hagemark, askestuvar
TILSKOT	SMIL (2004): 130 000 KR RMP (2005): 60 000 KR

Tiltak i beitebruksplanen:

- *Istandsetjing av bøgarden*
- *Istandsetjing av andre gjerde*
- *Rydding av kratt*
- *Styving av gamle tre*
- *Ungskogpleie av lauvskog for produksjon av kvalitetsvirke*



FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA



Istandsetting av gjerde mellom utmark og inmark

2005: Rydding og styring

Produksjon av kvalitetsvirke frå lauvskog

- Eigedomsgrense
- Grensegjerde
- Plantefelt gran
- Hagemark

M. 1:13 000







Kulturlandskapet er lagt til rette for ålmenta.

FOTO: JORUNN NESHEIM, FMLA



For å halde kupert kulturlandskap ope, trengst beitande dyr.

FOTO: JORUNN NESHEIM, FMLA

## Solheim, Radøy

### Skjøtsel av samanhengande beitemark

Gardane Solheim, Olsvoll og Tollesvoll i Radøy kommune utgjer eit stort område med tre gardar med 20 bruk. Dette er eit av dei større samanhengande og varierte landskapa langs kyststripa i fylket. Landskapet er kupert og frodig, med steingarder som markerte teigskilje og eigedomsgrenser. Beitedyra er der heile sesongen. Funksjonen til vinterbeitet er å halde nede einer og lyssiv. Den viktigaste oppgåva til beitelaget er å årleg koordinere beitebruken i området.

TAL BRUK	20
TAL BØNDER	11
DYRESLAG (TAL)	Storfe (41), sau (600)
AREAL	1000 DA
SPESIELLE VERDIAR	Samanhengande beitemark
TILSKOT	SMIL (2002 – 2004): 512 000 KR RMP (2005): 20 000 KR


### Tiltak i beitebruksplanen:

I 2002 byrja grunneigarane å arbeide med etablering av beitelaget. Laget blei formelt stifta i 2004, og har gjennomført følgjande tiltak.

- *Felles grensegjerde*
- *Alle eksisterande grensegjerde er framleis i bruk, men ein nyttar portar til å styre beitebruken*
- *Tilretteleggjing for ferdsel: merking, porter og gjerdeklyv*
- *Restaurering av sommarfjøs*

### Anna

- *Mottok Kulturlandskapsprisen i 2003: kr 100 000*
- *Gjennomførte Streif i 2005*
- *Samarbeid med Nordhordland Turlag om merking av stiane*



Ryddast 2007/08

Ryddast 2006

Ryddast for brakje 2003-2008

2004/05: Tynning skog, skogpleie

2003-2005: Rydda tre og brakje

Ryddast 2007-2009

2005: Rydda tre og brakje

Skogpleie; furu

2004: Rydding

- Grensegjerde
  - Nytt grensegjerde i 2004/05
  - Grensegjerde planlagt i 2006
  - Steingjerde
  - Eigedomsgrense
  - Beite
  - Blanda skog
  - Barskog
- M. 1:15 000



# Rettleiing til arbeidet med beitebruksplan

## Kvifor treng vi å lage plan?

- *Betre nytting av beiteområdet gjennom samarbeid*
- *Halde beitelandskapet ope og velskjøtta*
- *Auke förverdien på beitet*

Det viktigaste er at beitebruksplanen har nytte for beitelaga, men også kommunen vil ha nytte av at slike planar blir utarbeidde.

*Samarbeid:* I eit samarbeid er det særleg viktig å klarlegge mål og prioriteringar for skjøtsel og bruk av beiteområda. Ansvarsfordeling og tidsplan må på plass.

*Finansiering:* Ved å lage ein plan for skjøtselstiltak og beitebruk som går mange år framover, vil ein lettare få støtte til gjennomføring av tiltaka, også til å kombinere ulike tilskotsordningar, som t.d. SMIL.

*Langsiktig tenkjing:* Ved å dele opp arbeidet med beite- og skogskjøtsel over fleire år, blir det lettare å få gjennomført tiltaka. Bruken av området blir også sikra så lenge beitebruksplanen gjeld.

## Korleis kjem du i gang?

1. *Høyr med naboane om det er interesse for samarbeid.*
2. *Undersøkje moglege beiteområde.*
3. *Synfaring i aktuelle område saman med samarbeidspartar og grunneigarar. Kva treng gjerast? Oftast er det snakk om gjerding og rydding. Ein kan byrje å tenkje prioriteringar.*
4. *Formalisering av samarbeid – skiping av beitelag er tilrådd. Sjå eigen rettleiar for stifting av beitelag med nødvendige dokument.*
5. *Kven er skrivar? Beitelaget kan søkje om støtte til godtgjersle til den/dei som tek på seg dette.*
6. *Lage beitebruksplan – ta utgangspunkt i dykkar eigen situasjon og lag planen, gjerne så enkel som mogleg. Bruk disposisjonen. Landbrukskontoret i kommunen eller Forsøksringen kan vere til hjelp. Kanskje kan de bruke noko frå Miljøplanen for gardane?*
7. *Søkje om midlar til tiltaka – mest aktuelt er SMIL (tidlegare STILK) og skogmidlar, alle blir forvalta av kommunen sidan 2004.*
8. *Gjennomføre tiltaka – anten gjennom eigen arbeidsinnsats, eller med leigde arbeidsfolk.*

# Forslag til disposisjon

## Mål

### 1 Skildring av beiteområdet

1.1 Deltakarane i beitebruksplanen

1.2 Stikkord om området

1.3 Historie

1.4 Driftsform

1.5 Kulturlandskapskvalitetar og skogverdiar

1.6 Anna

### 2 Bruk av området

2.1 Dagens bruk av beite og skog

2.2 Tiltak gjerdehald

2.3 Tiltak for å betre beitekvaliteten  
og skogproduksjonen

2.4 Plan for bruken av beita

2.5 Dyrehelse

2.6 Vedtekter og avtaler

2.7 Anna

2.8 Konklusjon



## Mål

Føremålet med beitebruksplanen er:

1. *Betre nytting av beiteområdet gjennom samarbeid.*
2. *Halde beitelandskapet ope og velskjøtta.*
3. *I tillegg kan andre mål beitelaget har komme inn her.*

Fullstendig disposisjon og døme på beitebruksplan finn du på <http://hordaland.lfr.no>



# Stifting og registrering av beitelag

Som gardbrukar må du først;

- stifte beitelaget
- registrere beitelaget
- få godkjent beitelaget

## Stifting

Den mest aktuelle organisasjonsforma for beitelag er avgrensa ansvar (BA), som er eit slags samvirkelag. For å stifte eit beitelag, må det kallast saman til stiftingsmøte der alle som skal vere medlemmer møter. Det krevst minimum to personar for å stifte eit beitelag. Innkallinga til møtet skal ha ei sakliste, og framlegg til vedtekter skal ligge ved. Dersom beitelaget ønskjer det, kan det leggjast til punkt som passar for deira aktivitet, t.d. under § 4 Plikter.

Det må førast protokoll frå stiftingsmøte, det finst ein eigen mal for dette. I beitelag med få medlemmer er det naturleg at alle sit i styret. Det må i alle høve vere minst tre personar i styret. Dersom det berre er to som vil danne beitelag, må det

skaffast ein ekstra person som kan sitje i styret. Beitelaget må ha årsmøte før 1. februar kvart år, for sakliste sjå § 6 i vedtekene. Alle medlemene i laget må vere registrerte i Landbruksregisteret (dersom du ikkje er registrert, ta kontakt med landbrukskontoret). Standard vedtekter for beitelag finn du på <http://hordaland.lfr.no>

## Registrering

Beitelaget må registrerast i Brønnøysundregistra, det er nok å vere i Einingsregisteret.

Registreringa er gratis. Fyll ut samordna registermelding. Den kan du finne på [www.brreg.no/blanketter/hovedblankett.html](http://www.brreg.no/blanketter/hovedblankett.html) eller bestille ved å ringe **tf: 75 00 75 00**.

Stiftingsprotokollen og vedtektene skal ligge ved den utfylde blanketten.

## Desse punkta skal fyllast ut i blanketten:

- 1.1 *Laget sitt namn*
- 2.1 *Kryss av*
- 3.1 *Kryss nei dersom laget ikkje har inntekt på meir enn kr. 30 000*
- 3.2 *Kryss nei*
- 3.3 *Kryss nei*
- 4 *Laget si adresse.*
- 7 *Kan fülle ut, men treng ikkje. Den personen som her evt. blir oppgitt, vil bli mottakar ved utsending av dokument.*
- 8 *Kryss av for Annet selskap med avgrensa ansvar (BA)*
- 9a *Fyll inn dato for stifting av laget og dato for start av aktiviteten i beitelaget*
- 11 *Skriv inn «Beitelag»*
- 12 *Namn, adresse og fødselsnummer på ein kontaktperson, vanlegvis leiari eller sekretær*
- 15 *Dato for gjeldande vedtekter; det vil seie same dato som stiftingsdatoen*

20 Før opp alle styremedlemer med fødselsnummer, namn og adresse og rolle i styret

21 Kryss av for rett signatur: leiar og eit styremedlem i fellesskap, dersom ikkje noko anna sett fast i vedtektene § 5

29 Underskrift av kontaktpersonen i beitelaget

Husk å leggje ved vedtekter og stiftingsprotokoll. Dersom det skjer endringar i styre eller vedtekter, skal Einingsregisteret ha melding om dette. Bruk same blankett som ved registreringa og legg ved årsmøteprotokoll.

### **Godkjenning**

Søknad om godkjenning av beitelag skal sendast til den kommunen (beitekommunen) der beitelaget har beitearealet.

*Søknadsfrist 1. august.* Beitekommunen tilrår beitelaget og Fylkesmannen i Hordaland godkjenner beitelaget.

Søknadsskjema for godkjenning av beitelag kan ein få hos kommunen eller Fylkesmannen si landbruksavdeling. I søknaden må det opplysast om:

- organisasjonsnummeret til laget
- beiteareal
- type beite som fjellbeite, skogsbeite eller heimebeite

Ved søknaden må det også leggjast ved medlemsliste med personnummer på kvart enkelt medlem, namn på leiaren i laget, kart som syner yttergrensa til beitelaget, vedtekter for laget og eventuelle lei-geavtalar med grunneigar/ar. Medlemene i beitelaget må vere registrerte i landbruksregisteret.



FOTO: LIV LYGSTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND



# GJERDEHALD

*Velfungerande gjerde er avgjerande for all beitebruk. For å få eit godt gjerde må ein ta seg tid til planlegging.*



På Sæbø i Radøy har dei tilrettelagt for ålmenta ved å nytte grindar av skotsk type; "Kissing-gate"

FOTO: JORUNN NESHEIM, FMLA

## Nettinggjerde eller elektrisk gjerde?

Nettinggjerde er godt kjent, og effektivt så lenge det blir halde ved like. Materiell til nettinggjerde kostar ca. kr 30-38 per meter.

Permanent elektrisk gjerde er billigare i innkjøp og raskare å setje opp enn nettinggjerde. Godt materiell til permanent el-gjerde kostar ca. kr 20-28 per meter, avhengig av løysingar for jording og straumtilførsle. Sjølv med tilleggsutstyr for automatisk feilvarsling blir kostnadene lågare enn for nettinggjerde.

Største ulempa med permanente elektriske gjerde er at dei gjer lite nytte om dei blir sett opp og brukt feil. Mangelfull jording og straumtap gjennom vegetasjon og dårlege isolatorar er vanleg, men lett å unngå. Permanent elektrisk gjerde krev god planlegging av traséen for å kunne stramme gjerdet.

Til sau bør ein oftast ha fire strengar i permanent elektrisk gjerde. Ein eller fleira av strengane kan vere jordingsstrengar. Til storfe treng ein berre to eller tre strengar, medan geita gjerne krev fem strengar for å



Permanent elektrisk gjerde er billig og effektivt, her dimensjonert for geit.

FOTO: ART VAN GOOL, FORSØKSRINGEN HORDALAND

halde seg på rett side av gjerdet. Gjerdeapparatet må vere tilpassa dyreslag, gjerdelengd og vegetasjon.

Flyttbart elektrisk gjerde er fleksibelt og enkelt når dyra har respekt for gjerdet. Slike gjerde har avgrensa levetid, og er difor ei dyr løysing.

Elektriske gjerde er berre psykiske stengsel. For å få respekt for gjerdet, må dyra lærast opp til å gjenkjenne det før beiteslepp.



## **Kvar skal gjerdet stå?**

Ein gjennomtenkt gjerdetrasé kan både gi eit billegare gjerde og eit gjerde som fungerer betre.

### ***Gjerdetrasé er ikkje det same som grenselinje***

I dag har vi gode kart som viser grensene og vi treng ikkje gjerde som grensemerke.

### ***Rette strekk***

Dess rettare gjerdetraséen er, dess lettare er gjerdet å stramme opp. Ved å unngå søkk, kuler og svingar får ein mindre press på gjerdemateriellet.

### ***Gjerdet skal gjere nytte lenge***

Arealbruken endrar seg med tida. Ein bør rekne 20-30 års levetid for nye gjerde, og planlegge eit gjerde som fungerer godt i heile perioden. Tilgrodd areal og skog som ikkje har beiteverdi i dag, bør likevel vere med innanfor gjerdet viss ein har planar om rydding. Om ein skal auke dyretallet, må ein ta høgde for dette, og gjerde inn nok areal.

### ***Samarbeid***

Lange og smale teigar krev mange meter gjerde per dekar inngjerda areal. Ved å

gjerde inn fleire teigar på tvers av eigedomsgrensene får ein betre utnytting av gjerdet og billegare inngjerding.

### ***Avklare beiterett og ansvar***

Sjekk beiterett og bruksrett på førehand for å unngå konflikter. Ein bør ha skriftleg avtale om det blir sett opp gjerde på annan manns grunn, i sameige eller der rettane er delte. Gjer avtale om kostnadsdeling og vedlikehald når gjerdet involverer fleire partar.

### ***Omsyn til annan bruk***

Gjerde er stengsel for anna ferdsel, og kan gi negative reaksjonar. For at husdyrhaldet skal ha eit godt omdømme, er det viktig å finne gode løysingar for gjennomgang, til dømes med grinder og gjerdeklyv.

### ***Kombinasjon med hjortegjerde***

Kanskje kan oppsett gjerde for beitedyra òg tene som stengsel for hjorten? Dette er særleg aktuelt i område med både frukt og husdyr.

### ***Styre beitinga***

Nokre område kan vere ekstra verdifulle å halde opne, til dømes ved utsiktspunkt, kulturminne og stølar. Med lågt beite-

press blir det attgroing i heile beitearealet. Då kan ein heller styre beitedyra med gjerde til dei prioriterte områda. I mange tilfelle kan ein få ekstra tilskot til slike tiltak gjennom SMIL-ordninga.

### ***Gjerde i kraftgater***

Kraftgater kan gi rette og oversiktlege gjerdelinjer fri for skog, men er ikkje problemfritt. Gjerdet kan ta straum frå linja når gjerdet og linja går parallelt. Kryssing av kraftlinja er heller ikkje uproblematisk. Ta kontakt med det lokale elektrisitetsverket for rettleiing og eventuell avtale om plassering av gjerdet.

### ***Gjerding på myr***

Det kan vere gunstig å gjerde på myrer for å få flat og rett trasé med lite vegetasjon. Det er lite press frå beitedyra her og stolpane er lette å setje ned. For å hindre at stolpane sig ned i myra bør ein spikre på ein enkel «flåte» nedst på stauren.

### ***Meir informasjon***

Forsøksringen Hordaland byggjer no opp kompetanse på gjerdehald. Ta kontakt om du ønskjer hjelp til vurderingar. Sjå óg [www.smafe.no](http://www.smafe.no)

# BRUK OG STELL AV BEITE

*Kvalitet og utsjånad på beitet kan styrast med sjølv beitebruken og med andre tiltak. I nokre tilfelle kan det vere aktuelt å gjere endringar i drifta for å utnytte beite-ressursane meir enn i dag.*



Gode vårbeite legg grunnlaget for høg tilvekst på fjellbeitet.

FOTO: LIV LYNGSTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND

## Sambeiting aukar produksjonen

Mange undersøkingar viser at produksjonen på beitet aukar når fleire dyreartar beitast samtidig på same området. Dyra har ulike beiteteknikk og føretrekk ulike planteslag, og ein får jamnare avbeiting. Vidare beitast dyra gjerne nær inntil avføringa frå andre dyreartar, men held større avstand til avføring frå eigen dyreart. Gjenveksten, produksjonen og beitekvaliteten blir betre.

Sau og geit har smal, rørleg og kløyvd overleppe som dei brukar til å velje ut planter dei likar best. Sauen er glad i urter og lauv, og et meir av dette enn storfe og hest. Geita skil seg ut frå dei andre husdyra ved å føretrekkje lauv og skot frå buskar og tre.

Storfe tek store munnfullar ved hjelp av tunga når dei beitast, og både aks og strå blir borte. Dei føretrekk gras og urter, men er ikkje så nøye som sau til å velje ut planter.

Hestar beitast først og fremst grasartar, og bit av graset slik at det blir meir snaubeita enn etter storfe. I sambeite med andre husdyrslag kan hesten beite sølvbunke og anna tørt

og hardt gras som dei andre dyreartane vrakar, og er difor ypparleg som beitepussar.

## Rettt beitetrykk gir dei beste beita

Tidleg beiteslepp og rett tilpassing av dyretallet er viktig for god utnytting av beitet. Gras og urter veks godt på forsommaren. Viss dyretallet på beitet er for lågt i denne perioden, blir graset fort gammalt og mindre smakeleg. Utpå ettersommaren når planteveksten minkar, blir beitetrykket fort for sterkt. Tilskotsføring er då aktuelt for å halde oppe mjølkeproduksjon eller tilvekst. For å regulere beitetrykk og plantevekst kan det vere ein fordel å dele beitet opp i fleire skifte og gjødsle med ulike styrke.

Det billegaste føret til mjølkekyrne får ein om dyra sjølv haustar grovføret på gode beite. For å ha jamn tilgang på gode beite, bør ein ha 15–20 ulike teigar med beite. Det beste er om dyra berre går ein til to dagar på kvar teig før dei blir flytta til neste område. Etter om lag tre veker kjem dei attende til same område igjen. I periodar må ein ha moglegheit til å

slå saman område. Det er også ein stor fordel om ein kan nytta beitepussar eller hauste avling om veksten er svært god i periodar.

### Skjøtsel og stell

Vurder bruk av gjødsel, spesielt på forsommaren, og tilpass mengdene etter beitepresset. Om dyra ikkje greier å halde veksten nede, er beitet for sterkt gjødsla eller dyretalet er for lågt.

Alle beite treng kalk med jamne mellomrom. Grasartane trivst best når pH er frå 5,5 til rundt 6,0. På Vestlandet er det som oftast sure bergartar i grunnen, og pH blir i mange høve for låg. Kalking vil fremje grasveksten.

Om det utover sommaren står att mykje strå, tørt gras og anna som dyra ikkje et, er slått eller pussing aktuelt. På ettersommaren har mange gjort gode røynsler med å gjødsla beite der det står att gamalt gras og strå. Næringsrikt ungt gras veks då fram på delar av beitet. Både storfe og sau ser ut til å føretrekke ein del strårrikt gras i blanding med dette.

### Problematiske ugrasartar

Ugras som *høymole*, *veikjegras* (*lyssiv*), *brennesle*, *einstate*, *myrtistel*, *bringe-bær* og *rotoppslag* blir ofte vraka, og kan bli problematiske på beitet. Ein bør følgje godt med og tyne ugraset når ein ser dei fyrste plantane. Det finst kjemiske middel som har god verknad mot alle desse ugrasartane, men handsaminga er ofte både tidkrevjande og kostbar. Dessutan oppstår det gjerne konflikt mellom beste tidspunkt for sprøyting og ønsket om å ha dyra på beitet akkurat då.

Slått før ugraset får frøa seg er eit godt og effektivt alternativ. Om beiteområdet ikkje høver for bruk av traktormontert beitepussar, kan ryddesag vere eit alternativ. Før ugraset blir eit stort problem, kjem ein langt med handluking. Har blomane kome langt i utvikling, er det tryggast å hindre frømodning med å fjerne blomestilkane etter slått eller luking.



Hesten beitar både tistel og sølvbunke.

FOTO: LIV LYGSTAD, FORSOKSRINGEN HORDALAND





Om søya berre har mjølk til to lam, kan overskotslammet gå på heimebeite gjennom sommaren.

FOTO: KJERSTI BERGE,  
FORSØKSRINGEN HORDALAND

## Driftsformer med mykje beiting

Med tilpassingar i drifta kan beite og utmark i låglandet bli meir brukt. Trillinglama kan vere kulturlandskapsarbeidarar. Høgt lammetal gir god økonomi i sauehaldet om alle lamma oppnår slaktevekt til vanleg tid om hausten. Ikkje alle søyene har mjølk til meir enn to lam, og det kan vere aktuelt å ta frå overskotslamma før ein sender sauene til fjells. Ein bør då ha tilvent lamma på kraftfôr og eventuelt mjølkfôr mens dei går med mora og fortsette med dette etter at lamma er tekne i frå.

Det er best å ta frå værlam og dei som har vakse mest på vårbeite. Lamma roar seg godt om dei kan gå i lag med nokre vaksne dyr.

Søyer som har vore sjuke om våren eller skal utrangerast til hausten, kan gjerne vere heime i lag med lamma. Om ein har god tilgang på beite, og byter mellom fleire beiteområde, kan tilveksten på lamma vere så god at dei blir slaktemodne frå midten av august. Då er det svært gode prisar på lammeslakt.

Sauer og lam som går heime bør få behandling mot innvollsnyltarar, flått og flogemakk heile sommaren.

I område med milde vintrar kan ein rydde attgrodd beitemark ved hjelp av vinterbeiting med korthala saueslag, som gamalnorsk spælsau og villsau. Disse saueslaga beitar både lyng og einer, og mest på vinterbeite når det ikkje er tilgang på anna fôr. Blir det for lite næring gjennom vinteren, må dyra få tilskot av kraftfôr eller anna fôr. Hugs at hardt beitepress med same dyreart kan gje ekstra problem med parasittar. Sommarbeiting med villsau er òg til god hjelp for å halde tidlegare slåttemark og innmarksbeite ope.

Av storfeslaga er skotsk høglandsfe ein framifrå beiteryddar. Dyra som blir nytta til kjøtproduksjon på ammekyr, trivst med å gå ute heile året. Dei beitar både gras, urter, busker og kratt. Gamle norske rasar som vestlandsk raudkoll og vestlandsk fjordfe er også gode beitedyr. Kyrne er lettare enn NRF-kua og kjem seg godt fram i bratte og ulendte beiteområde. Ved å strekkje beitesesongen frå tidleg vår til seinhaustes, eller ved heilårsbeitedrift,



Villsau i kystlandskapet hindrar lauvkratt.

FOTO: ANE HARESTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND

får ein dyra til å ete fleire artar på beitet. I periodar med mykje regn kan ein få problem med opptrakka beite og skadd grastorv. Ein enkel innhegning med fastare dekke, plass for føring og gjerne eit tak for å gje dyra ly, kan då vere godt å ha. Dyr som går ute heile året må ha dispensa-

sjon for ikkje å ha hus til dei. I Skottland har ein brukt trevirke knust til klossar med diameter på 8-10 cm til dekke i slike innhegningar.

Ikkje alle har høve til å halde veksten på beita nede i løpet av heile sommaren. Då kan eit samarbeid med naboar som har dyr heime vere løysinga. Om ein berre beitar eigne område vår og haust med sau, vil ei avbeiting med storfe eller hest vere ideelt for sauebeitet. Nokre plassar kan det vere aktuelt å sjå all beitemark i grenda under eitt, slå saman flokkane og samarbeide om tilsyn og flytting av dyra frå teig til teig. Kanskje er dette aktuelt hos deg?



# RESTAURERING OG SKJØTSEL AV ATT-GRODD BEITEMARK

*Mange tidlegare innmarksbeite er no sterkt attgrodd med lauvkratt og skog. Hogst og rydding er naudsynt for å heve beitekvaliteten, og samstundes blir det eit ope område som gir variasjon i kulturlandskapsbiletet.*



Set igjen store vidkrona tre og styingstre.  
Rydd kvisten i haugar.

FOTO: LIV LYNGSTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND

## Rydd litt etter litt

Hogst og rydding aukar næringstilgangen i jorda. Det blir meir lys og sol ned til bakken, temperaturen aukar i marksjiktet og nede i jorda. Farten på nedbrytinga aukar, og mineral og næringsstoff blir frigjorde raskt. God tilgang på næring til jorda i form av røter, kvist og smågreiner som brytast ned, gir kraftig vekst. Det fører til at nærings- og ljuskrevjande vekstar som bringebær, bjørnebær, brennesle og rottoppslag kan få innpass. For å deppe denne verknaden bør ein rydde litt etter litt.

For å minske tilgang på næring bør ein ta ut all veden. Kvisten bør ein leggje i haug og anten fjerne eller brenne den på bestemte plassar.

## Smørjing på stubben

Stubbar, spesielt etter gråor, osp og hegg, bør smørjast med glyfosat (Roundup) for å hindre rottoppslag. Handsaminga må skje innan 8 timar etter hogst. Har det gått lenger tid, kan stubben kappast på ny til frisk sårflate før ein har på middelet. Smørjing på stubben er effektivt heile året, bortsett frå i den tida då

sevja stig. Rotoppslag av or kan tynast ved slått seint i juli to påfølgjande somrar.

## La ulike tre stå att

La det stå att tre av ulik alder og gjerne av ulike artar, slik at ein får eit rikt mangfald av planteartar. Trea skuggar for bakken, dempar temperaturauken og tek opp frigjort næring. Områda som er best for grasvekst, kan ein vurdere å rydde heilt.

Gamle vidkrona tre bør fristillast og gjerne kvistast opp. Dei er bustad for mange lav- og moseartar, insekt og fuglar. Samstundes er dei markante og vakre i landskapet. Ta spesielt vare på dei gamle styingstrea, om dei finst på området. Dei kan med fordel styvast på nytt. Ask toler at ein tek alle toppane same året. Bjørk og alm set pris på at styinga skjer over fleire år, slik at dei får høve til å setja nye unge greiner før alle toppane blir tekne.

## Beiting raskt etter hogst

Utan beitedyr er det vanskeleg å halde veksten i sjakk. Gode gjerde må

på plass før hogsten startar, og beitedyra må få tilgang til området så fort som mogleg.

### **Unngå gjødsling**

Dei fyrste åra etter rydding bør ein unngå bruk av gjødsel. Tilført gjødsel kan auke problema med uønska artar og rottoppslag. Berre på næringsfattige område, og der det er mykje lyng, vil gjødsel ha positiv verknad på grasveksten.

### **Meir informasjon**

- *Skjøtselsboka, Landbruksforlaget*
- *Forsøksringen Hordaland kan komme med råd om skjøtsel*



Areala nær slåttemarka er verdifulle beite så lenge ein klarar å hindre attgroing. Ullensvang.

FOTO: ØYVIND VATSHELLE, FORSØKSRINGEN HORDALAND

# GEIT I BEITERYDDINGA

*Prosjekt beitelandskap har svært gode erfaringar frå å nytte geit som beiteryddar og vi har fått gode døme korleis geita kan nyttas som ressurs for verdiskaping på dei einskilde bruka.*



Geiter på beite kan ta livet av mykje brakje.

FOTO: ASLAUG AALEN, FMLA

Geita et mykje buskar og tre, og kjem i ein eigen klasse når det gjeld å halde landskapet ope. Ein kan ale opp kje, halde ammegeiter eller leige inn dyr. Slakteavtalar, nye tilskot og ull frå kasjmirgeit kan bidra til betre økonomi i beiterydding med geit.

## Manuell rydding tek tid

Manuell rydding av attgrodde beite er arbeidskrevjande. Om det er mykje brakje på beitet går det gjerne med eit par dagsverk for kvart mål som skal ryddast, men geita kan òg gjere jobben. I Kvinnherad har det vore beiteforsøk med kasjmirgeit i 6 år. Dyra tek nåler og bork av brakje så det meste dauar. Problemtrea gran og older blir òg helde nede. Beiting med geit gir betre beitekvalitet for storfe og sau.

## Gjerde

Geita har ord på seg for å ikkje kunne gjerdast inne, men dette er slett ikkje tilfelle. Men krava til eit godt fungerande gjerde er store, for sjølv den minste feil blir funne. Dyra må lærast opp, og gjerdet må alltid vere straumførande med god jording.

Vanleg geit prøver gjerne å ta seg over, medan kasjmirgeit helst kryp under gjerdet. Gjerdet må ikkje stå inntil stubbar eller større steinar som geita kan hoppe frå. Når området er stort nok og dyra finn nok beite, kan dei roe seg godt innanfor gjerdet.

## Oppal eller ammegeit

Kje kan kjøpast billeg frå mjølkebuskarar om våren. Prøv å få tak i robuste og sjukdomsfrie dyr. For å få dei slaktemodne, bør kjea få mjølkefôring dei første vekene og kraftfôr heile sommaren.

Det er lov å kastrere bukkekje. Desse kan då til dømes beite to somrar, og likevel vere salsvare. Dyr under året gir likevel best pris. Kjea roar seg best om dei går i lag med nokre vaksne geiter.

Ei fast stamme med mor-geiter kan vere vel så bra som oppal av kje. Slikt driftsopplegg blir mykje likt sauehaldet. Geita får som kjent færre avkom enn sau og kan vere meir utsett for kasting. Geiter som kjeiar kvart år kan gi same produksjonstilskot som for sau etter dagens jordbruksavtale. Med regionalt miljøpro-



gram i Hordaland er det no kome ekstra tilskot til ammegeit på inngjerda areal.

### Kasjmirgeit

Mange har gode erfaringar med vanleg norsk mjølkegeit halde som ammegeit for å rydde beite. Kasjmirgeit er eit alternativ sidan ho er betre kjøtsett og sidan dyra har meir av den dyrebare botnulla enn norsk geit. Beste kvalitet av kvit ull blir betalt med opptil kr 1000 per kilo, men ei kasjmirgeit i Noreg produserer førebels berre 100-200 gram ull per år.

### Fjellsprett og Alfathi

Geitekjøt levert på vanleg slakteri er normalt dårleg betalt. For å få betre økonomi kan ein omsetje lokalt eller inngå avtalar om levering. Gilde har ei avtale kalla *Fjellsprett*, der slakt over 7 kilo og under eitt år blir premiert. På Felleslakteriet på Gol kan ein gjere avtale om levering til halal-slakting. Underbedrifta *Alfathi AL* sel til muslimar, særleg i samband med høgtider. For tida er etterspørselen større enn tilgongen på slakt for begge desse produkta.

### Utleige av geiter

Ikkje alle kan eller vil halde geiter sjølv. Utleige av geiter til dei som treng betre beite og rydding i kulturlandskapet kan då vere aktuelt.

«Geiteentrepenøren» kan stille med dyr og flyttbart gjerde, og veit kva som skal til for å få ryddinga med geit til å fungere. Eit slikt opplegg blir for tida prøvd ut i Kvinnherad med støtte frå prosjekt beitelandskap. Tilsvarande blir det prøvd med geiter for å fjerne kratt under kraftlinjer i Buskerud og for å gi betre utsikt for turistane i Flåmsdalen.

Tore Eik i Kvinnherad har satsa på geiter til pleie av kulturlandskapet.



# SKJØTSEL AV LYGHEI

*På 1800-talet utgjorde røsslyngen 1/3 av vinterfôret langs kysten. Lyngen blei hausta og tørka eller nytta fersk. Med nye driftsmåtar har grasavlingane blitt større og behovet for røsslyng som fôr blitt mindre. Røsslyngen står likevel framleis i ei særstilling som vinterfôr til utegangarsau.*



Lynghoi på Fedje.

FOTO: ANE HARESTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND

Røsslyngen er ein frostherdig heilårsgrøn plante som med stive greiner og opprett vekst er tilgjengeleg for dyra sjølv om det kjem litt snø. Han finst i store mengder og gir stor avkastning på skrint jordsmonn med liten innsats frå menneske. Men god skjøtsel er avgjerande for å gi eit godt utbyte.

## Fôrverdi

Dyra må ete 4-5 kg lyngtørrstoff for å få i seg like mykje næring som frå 1–1,5 kg grastørrstoff. Ung lyng er vesentleg meir næringsrik enn eldre lyng. Også røsslyng har høgast næringsverdi vår og sommar, men fallet i næringsverdi utover hausten er mindre enn for gras og urter.

## Brenning

Røsslyngen kan bli svært gammal, opp til femti år. Kvaliteten av røsslyng som beiteplante er knytt opp mot alder og mengd unge skot. For å halde lyngen ung og vital bør ein svi han med 10-15 års

mellomrom. Ved brenning må det anten vere tele i bakken eller svært vått. Slik unngår ein at sjølve torva brenn og røter og frøbanken i jorda blir øydelagt.

Vatn eller våte myrar er sikre stader å stoppe ein brann, men myrer med mykje daudgras kan brenne godt. Det brenn sakte i utforbakke, så brannen kan òg stoppast på ein bakketopp då den har lite kraft. Ei anna moglegheit er å stoppe brannen på ei flate med låg plantevekst. Flammene er små og kan lett slåast ut med ein aluminiumsspade. Areal pussa med beitepussar er såleis effektiv branngate. Snø er ikkje sikkert stengsel, då lyngen kan brenne under snøen i tørre periodar.



Jamnleg brenning gir gode vinterbeite.

FOTO: AASE NØTVEIT



Ein set fyr slik at elden vandrar mot det planlagde slokkingspunktet. Det er fordel med eit lett vinddrag i lufta. Sviinga blir mest effektiv når ein får opp ein front med eld, noko som krev effektiv opptenning. Ein kan til dømes lage fakkell med strie dyppa i spillolje. Undervegs kan ein ikkje gjere anna enn å kontrollere kantane. Brannen kan ikkje stoppast kvar som helst. Ein må halde hovudet kaldt og gripe inn på det planlagde slokkingspunktet.

### Beitepress

Ved vinterbeiting på lynghei med vesentleg ung røsslyng trengst 10-15 daa per sau. Dersom dyra går ute med



tilgang på tang og tare, vil dei stort sett få dekkja trongen for mineral og vitamin. Dei må ha tilgong til reint ferskvatn.

### Ugras etter brenning

Etter lyngbrann er jordsmonnet næringsrikt og ideelt for spiring frå sporar frå einstape. Utbreiing av einstape kan difor bli eit stort problem etter lyngbrenning, og ein må ofte setje inn ekstra tiltak. Rome er lite problem i område med regelmessig brenning.

Ny, frisk lyng spirer opp etter sviing.

FOTO: LIV LYGSTAD, FORSØKSRINGEN HORDALAND

## Lyngheisenteret sine råd om lyngbrenning:

1. Brenn alltid om vinteren. I april blir det for seint. Då stig sevja, fuglane hekkar og sauene lammar.
2. Gi alltid beskjed til Brannvesenet. Send gjerne personleg invitasjon til brannmeisteren om å vere med.
3. Informer alltid grunneigarane på ein skikkeleg måte. Helst bør dei vere med for å få eit eigarforhold til brannen.
4. Planlegg alltid brannen på førehand:
  - opptenning • slukking • eventuelt branngater
  - korleis brannen skal vandre
5. Brenn aldri aleine.
6. Brenn aldri i sterk vind.
7. Ha alltid brukbart slokkingsutstyr.
8. Gå ikkje i klede som lett tek fyr.
9. Forlat aldri ei rykande brannflate.
10. Miss ikkje hovudet.

### Ikkje forbode å brenne lyng vinterstid

Frå 15. april til 15. september er det forbode med open eld i skog og mark.

Elles i året kan ein brenne, men brannvesenet onskjer melding på førehand.

Høyr om det finst eigne reglar i kommunen.

Brannsjefen kan innføre generelt forbod mot brenning, til dømes i tørkeperiodar.

Ansvarleg leiar skal sørje for at brenninga blir gjennomført på forsvarleg vis.

## **Forsøksringen Hordaland**

### **– fagkunnskap for eit framtidsetta landbruk**

Forsøksringen Hordaland har mange tilsette med brei kompetanse. Ta kontakt for å diskutere

- gjerdehald, lovverk og praktiske løysingar
- korleis få best mogleg nytte av beita
- tiltak mot ugras
- ulike driftsopplegg, inkludert økonomi
- rydding av attgrodd areal
- skjøtsel av lynghei
- tilskotsordningar i samband med beitebruk

Vi kan komme på informasjonsmøte i grenda og hjelpe til med løysingar om gjerdehald og felles beitebruk. Forsøksringen kan òg vere med på å lage beitebruksplan. På nettstaden til forsøksringen finn du mal for korleis de kan lage beitebruksplan på eiga hand. Her finn du òg framgangsmåte for stifting og registrering av beitelag.

#### **Forsøksringen Hordaland:**

<http://hordaland.lfr.no>

E-post: [hordaland@lfr.no](mailto:hordaland@lfr.no)

Telefon hovudkontor: 98 24 58 30

#### **Kontaktpersonar beitesamarbeid og gjerdehald:**

Liv Lyngstad, tlf 98 24 58 40

Øyvind Vatshelle, tlf 98 24 58 38

Utgjevar:

Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga i samarbeid med Forsøksringen Hordaland og Prosjekt beitelandskap (Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og Småbrukarlag, Hordaland Sau- og Geitalslag, Vestskog BA)

Tekst:

Forsøksringen Hordaland: Øyvind Vatshelle, Liv Lyngstad, Ane Harestad og Einar Tvedt. Fylkesmannen i Hordaland: Steinar Sørli, Olav Romarheim, Synnøve Kløve-Graue, Aslaug Aalen

Redaksjon:

Steinar Sørli, Øyvind Vatshelle og Aslaug Aalen

Fylkesmannen i Hordaland,  
Kaigaten 9  
Postboks 7310  
5020 Bergen  
Tlf: 55 57 21 42  
[www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)